

Hyllestad kommune
Lifjordvegen 7
6957 HYLLESTAD

TILSYNSRAPPORT

Hyllestad kommune

Hyllestad skule

Tema:

Skulens aktivitetsplikt for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø

Plikta til å undersøke

Plikta til å setje inn tiltak

Sak 2020/1916

Innhold

Samandrag	3
1 Innleiing	4
1.1 Kort om kommunen	4
1.2 Om gjennomføringa av tilsynet	4
1.3 Kommunen sin tilbakemelding på førebels tilsynsrapport.....	6
2 Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.....	7
2.1 Plikta til å undersøkje og sette inn tiltak	7
2.1.1 Rettslege krav.....	7
2.1.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
2.4 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak	16
2.4.1 Rettslege krav.....	16
2.4.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	17
4 Våre reaksjonar	22
4.1 Pålegg om retting	22
4.2 Oppfølging av pålegga	23
5 De har rett til å klage.....	23
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget	24

Samandrag

Vi fører tilsyn med Hyllestad kommune og Hyllestad skule.

Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.

Vi har avgrensa tilsynet til å gjelde bestemte delar av skulens aktivitetsplikt. I tilsynet kontrollerer vi plikta til å undersøkje saker, plikta til å setje inn tiltak dersom ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø og plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak. Vi kontrollerer òg om skulen informerer om retten til å melde ei sak til Fylkesmannen, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11.

Dei mest sentrale funna frå tilsynet

- Vi finn at rektor ikkje sikrar at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
- Vi finn at rektor ikkje sikrar at skulen undersøker saka snarast.
- Vi finn at rektor ikkje sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.
- Skulens aktivitetsplanar er ikkje i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd.
- Rektor følgjer ikkje opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- Rektor sikrar ikkje at skulen hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn og korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer.
- Vi finn at rektor ikkje syter for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og elevens syn.

Vegen vidare

Hyllestad kommune fekk tilsendt ein førebels tilsynsrapport 8. april 2020.

Kommunen hadde rett til å uttale seg om innhaldet i rapporten, jf. forvaltningslova § 16. Kommunen fekk ein fjortendagars frist for tilbakemelding. Innanfor denne fristen gjennomførte vi eit sluttmøte med leiinga i kommunen og skulen. Representant for dei tilsette var òg til stades. Vi mottok kommunes skriftlege tilbakemelding 4. mai 2020.

Fylkesmannen har sett frist for retting til 15. august 2020. Før fristen må Hyllestad kommune sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen oppfyller dei pliktene som er pålagt i eller i medhald av opplæringslova, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova vert oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir difor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen. Dersom kommunen ikkje fylgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette regelverksbrota.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei eiga handbok som Fylkesmannen skal nytte. Handboka¹ ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

1.1 Kort om kommunen

Hyllestad skule ligg i Hyllestad kommune og har i følgje Grunnskulens Informasjonssystem (GSI) 114 elevar skuleåret 2019-2020.

Vi valde å opne tilsyn med skulens aktivitetsplikt på bakgrunn av ei risikovurdering. I denne kom det fram at tal frå Elevundersøkinga viser at ein stor del av elevane på skulen har opplevd å bli mobba i dei siste åra. I tillegg har fleire føresette vore i kontakt med Fylkesmannen med spørsmål om regelverket som gjeld elevane sitt skulemiljø.

Vi meiner difor det er rett å gjennomføre tilsyn med korleis skulen undersøker og om skulen set inn eigna tiltak for å løyse dei aktuelle sakene.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Kommunen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss med heimel i opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.

Kommunen hadde frist til 24. februar 2020 for å levere eigenvurdering i RefLex, dvs. frå skuleleiinga ved skulen og to grupper med tre kontaktlærarar. Eigenvurdering frå rektor, inspektør og ei lærargruppe, og dokumentasjon vart levert innan fristen.

I opningsbrevet bad vi om at kommunen skulle sende inn til saman fem til ti aktivitetsplanar.

¹ Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

Hovudtemaet skulemiljø inngår i det felles nasjonale tilsynet frå 2018 og er delt inn tre delar:

1. Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.
2. Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involver elevar og foreldre.
3. Skuleeigars forsvarlege system på ovannemnde område.

Fylkesmannen opna tilsyn med Hyllestad kommune i brev av 28. januar 2020 og varsla tilsyn med **del 1** som gjeld skulens aktivitetsplikt:

1. Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
2. Plikta til å straks å varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.
3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak.

Vi har undersøkt nokre forhold under deltema 1 og 3.

Forhold vi har undersøkt under deltema 1: Om skulen alltid undersøker saka ved mistanke eller kjennskap, om skulen alltid får fram fakta om situasjonen, om skulen undersøker bakgrunn og forhold som påverkar elevens oppleving, om involverte elevar vert høyrde i samband med skulens undersøking, om skulen alltid undersøker saka snarast og om skulen dokumenterer si undersøking.

Forhold vi har undersøkt under deltema 3: Om skulen lagar ein skriftleg aktivitetsplan der det går fram problem tiltaka skal løyse, planlagde tiltak, når tiltaka skal gjennomførast, kven er ansvarleg og tidspunkt for evaluering av tiltaka, og om skulen informerer om retten til å melde ei sak til Fylkesmannen.

Grunnen til at vi har vald å føre tilsyn med dette temaet er knytt til dei erfaringane vi har gjort oss som handhevingsmyndigheit for skulemiljøsaker. I fleirtalet av sakene der vi har fatta vedtak om brot på aktivitetsplikta, har det vore brot på desse delpliktene. Skal skulane klare å setje inn dei tiltaka som gjer at skulemiljøet for den det gjeld blir betre, er skulen heilt avhengig av å undersøkje saka tilstrekkeleg, slik at det er ein klar og tydeleg samanheng mellom situasjonen til eleven og dei tiltaka skulen set inn.

Vi sende ein førebels tilsynsrapport til kommunen 8. april 2020. Kommunen fekk ein fjortendagars frist for å kommentere rapporten. Kommunen og skulen ønskte eit sluttmøte for å snakke om innhaldet i den førebelse tilsynsrapport og vi gjennomførte sluttmøte med leiinga på skulen og kommunen den 29. april 2020. Representant for dei tilsette på skulen var òg til stades. Ny frist for å kommentere tilsynsrapporten skriftleg vart sett til 4. april 2020. Vi mottok tilbakemelding innan fristen.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

1.3 Kommunen sin tilbakemelding på førebels tilsynsrapport

Rektor skriv at skulen starta arbeidet med ein rutine for arbeidet med elevane sitt skulemiljø hausten 2019 og at rutinen vart inkludert i kommunens kvalitetshandbok. Rektor viser til at dei måtte gjere seg erfaringar med korleis rutinen fungerte i praksis og skriv « Dette er nok også grunnen til at fylkesmannen konkluderer med at det ikkje verkar som vi har ein fast praksis for korleis vi arbeider med elevsaker. Vi er ikkje godt nok inne i rutinane enno. Dette må vi ha fokus på framover.»

Rektor skriv òg at dei arbeider med å få på plass betre rutinar for å dokumentere korleis dei oppfyller dei ulike delpliktene inn under aktivitetsplikta.

Skulen har elles lagt fram ulike døme på etablerte og nye styringsrutinar. Skulen har fråværsrutinar, mal for elevsamtale/utviklingsamtale som syner at trivsel, sosial dugleik og åtferd skal vere eit fast tema, og eit oppsett som syner skulen sine interne støttesystem. Rutinen for interne støttesystem er ny og legg mellom anna opp til at sosiallærer skal følgje opp skulemiljøsaker og det som er vedteke i aktivitetsplanar, skriv rektor. Elles har rektor i januar 2020 innført eit årleg møte med kvar kontaktlærer. Kontaktlæraren skal på førehand ha gjennomført ei anonym klassemiljøundersøking.

Vi har vurdert ytterlegare merknader frå kommune. Der desse har tilført ny informasjon er dette innarbeidd i endeleg tilsynsrapport.

2 Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø

2.1 Plikta til å undersøkje og sette inn tiltak

2.1.1 Rettslege krav

Alle elvar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kallar vi skulens aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta er beskriven i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å undersøkje alle saker

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de undersøkje saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal tilrettelegge og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven sin oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekkje kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å undersøkje saka straks

De må undersøkje kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøkje korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å

uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å setje inn eigna tiltak

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort. På www.reflex.udir.no finn ein meir informasjon om krava som gjeld skulens aktivitetsplikt.

2.1.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Vår observasjon

Rektor og lærarane ved Hyllestad skule svarar ja på spørsmål om dei alltid undersøker saka når dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dei viser til rutinane i skulen sin handlingsplan for arbeidet med elevane sitt skulemiljø.

Skulen har sendt inn *Rutinar i samband med opplæringslova kapittel 9 A "Elevane sitt skulemiljø*. I rutinedokumentet står det at det skal gjennomførast samtale med eleven same dag som rektor får varsel. Det er rektor og kontaktlærar som er ansvarlege for å gjennomføre dette. Rektor skriv i eigenvurderinga at framgangsmåten er samtale med elev, eventuelt andre involverte og observasjon. Dokumentet har ikkje eit eige avsnitt som klargjer undersøkingsplikta. Det står i rutinane at skulen nyttar samtale som undersøkingsmetode, men observasjon er også nemnt.

Dokumentet har ei skjemavedlegg som tilsette skal nytte ved varsling av uønskt åtfærd. Her står det at tilsette skal undersøke ved kjennskap eller mistanke.

På spørsmålet om undersøkinga alltid får fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva i elevens omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet og om skulemiljøet vert opplevd som trygt og godt av eleven, svarar alle ja. Skuleleiar svarar at rektor og kontaktlærar har samtalar med den aktuelle eleven og andre involverte. Lærarane viser til handlingsplanen, og at dei tilseier at dei skal undersøke kva som ligg til grunn for eleven si oppleving. Rektor svarar at gjennom observasjon og samtaler synest dei at dei får eit ganske godt bilete av situasjonane.

På spørsmål om involverte elevar alltid blir høyrde når de undersøker saker, stadfestar alle dette. Rektor viser til skulen sin handlingsplan, og seier at dei gjennomfører elevsamtale same dag som dei får meldinga.

Skulen må dokumentere korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Både skuleleiing og lærarane svarar bekreftande på dette spørsmålet i eigenvurderinga. Skuleleiar skriv at notat etter samtalar med elevane og andre vert lagra i mappe. Lærarar svarar at dei dokumenterer gjennom skriftleg kommunikasjon med heimane gjennom skulen si læringsplattform, notat/referat etter møter og samtalar med involverte elevar og tilbakemeldingar frå observasjonar.

Skulen har på vår oppmoding ettersendt dokumentasjon som skal vise korleis dei undersøker ei sak ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Vår vurdering

Skulen skal undersøke saka etter at dei har fått mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor må sikre at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det vert undersøkt i alle saker. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med skulens framgangsmåte i praksis.

Både leiinga og dei tilsette viser til skulens rutinedokument der det står det skal gjennomførast samtale med eleven same dag som rektor får varsel. Det er rektor og kontaktlærar som er ansvarlege for å gjennomføre dette. Rektor skriv også at det same dag blir sett i verk observasjon av eleven. Dette er skulen sin framgangsmåte for å sikre at dei alltid undersøker alle saker.

I dokumentasjonen som vi har fått tilsendt er det døme på at skulen har gjennomført samtale med ein elev same dag som skulen mottok varsel om at eleven ikkje hadde det trygt og godt på skulen. Men vi ser òg døme i dokumentasjonen på at ein elev meiner seg mobba. Skulen har i dette tilfelle ikkje funne grunn til å undersøke saka i tråd med framgangsmåten. Det går fram at skulen fekk kjennskap til saka 1. november, og at rektor bad om observasjon for å undersøkje saka 28. januar.

Kommunen viser til at skulen har fråværsrutinar og at saker enkelte gonger vert behandla etter desse rutinane. Det er likevel slik, som også rutinen peiker på innleiingsvis, at det er viktig å

vurdere om mykje fråvær heng saman med eleven sin skulesituasjon, sjølv om fråvære er dokumentert.

Vi har òg fått tilsendt eit døme der skjema for *varsling av uønskt åtferd* vart nytta. Skjemaet viser til ei uønskt enkelthending. I dette tilfellet kjem det fram at lærar har snakka med dei involverte elevane i etterkant. Vi kan ikkje sjå at det kjem fram av døma vi har fått tilsendt korleis skulen undersøker ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Skulen har ein framgangsmåte som skal sikre at det blir undersøkt i alle saker etter varsel, men vi kan ikkje sjå at framgangsmåten alltid blir praktisert og at forholda blir følgt opp av rektor. Ettersom framgangsmåten ikkje alltid blir praktisert og forholdet ikkje blir følgt opp, finn vi at rektor ikkje har sikra at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det vert undersøkt i alle saker.

Rektor må syte for at skulens framgangsmåte sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med denne framgangsmåten i praksis. Ein del av undersøkingsplikta inneber òg å analysere og ta stilling til kva funn undersøkingane har avdekka.

Det går ikkje fram av skulen sitt rutinedokument korleis skulens skal undersøke ei sak etter at dei har hatt samtale med ein elev og skal starte observasjon.

Det går ikkje fram av dei innsendte aktivitetsplanane kva undersøkingar som ligg til grunn for tiltaka, utover i hovudsak samtale med eleven og/eller dei føresette. Fleire av tiltaka ber òg preg av å vere generelt utforma, og lite konkretiserte, noko som kan tyde på at undersøkingane ikkje har vert tilstrekkeleg grundige. Det er vidare vanskeleg å skilje mellom tiltak som er iverksett på bakgrunn av undersøkingar, og om nokre av tiltaka i realiteten er undersøkingar som skal ligge til grunn for seinare tiltak. Dette gjer til at det blir uklart om skulen har gjennomført tilstrekkeleg grundige undersøkingar før dei har satt i verk tiltak.

Det kan sjå ut til at det er samtale med elevar eller føresette som i dei fleste tilfella ligg til grunn for tiltaka som vert iverksett. Samtale med elevane vil kunne vere eigna til å klarleggje elevane si subjektive oppleving. Slike samtalar vil derimot ikkje alltid vere tilstrekkelege til å klarleggje fakta om situasjonen og få fram faktorar i skule- og klasse miljøet som bidreg til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt. Dei generelle tiltaka som ikkje er konkretiserte, gjev uttrykk for at skulen ikkje gjer grundige og gode undersøkingar av sakene.

På bakgrunn av at skulen ikkje har føringar for korleis ein skal undersøke saker tilstrekkeleg grundig, og at aktivitetsplanane viser at skulen ikkje undersøker sakene tilstrekkeleg grundig, kan vi ikkje sjå at rektor har sytt for at skulens framgangsmåte sikrar at det vert undersøkt tilstrekkeleg grundig i alle saker.

Skulen sin framgangsmåte må sikre at elevar som er involvert i saka, får uttale seg. Dei innsende aktivitetsplanane viser at skulen til vanleg snakka med elev og medelevar, men det går ikkje fram av sakene korleis samtalane vart gjennomført, eller kva samtalene viste.

Når skulen høyrer dei involverte elevane, skal elevane få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om dei vil uttale seg. Skulen skal vidare leggje til rette for og ufarleggjere samtalen, og syte for at han er tilpassa elevane sitt mognadsnivå. Av den innleverte dokumentasjonen går det ikkje fram om skulen har ein framgangsmåte for kva informasjon skulen gir elevane for at dei skal kunne ta stilling til om dei vil uttale seg, eller korleis dei syter for at samtala blir tilpassa og tilrettelagt. Vi ser likevel at skulen legg stor vekt på elevens subjektive oppleving når det gjeld å finne fram til tiltak i ei sak. Vi legg difor til grunn at samtalene vert tilrettelagt og tilpassa elevens mognadsnivå, og at eleven får nødvendig informasjon til å ta stilling til om dei vil uttale seg i ei sak.

I fylgje regelverket må skulen dokumentere kva de gjer for å undersøkje saker. Skulen skal dokumentere kva de har gjort i kvar enkelt sak, og det er ikkje tilstrekkeleg å vise til rutinar eller planar for korleis de skal oppfylle aktivitetsplikta.

Rutinar i samband med opplæringslova kapittel 9 A "Elevane sitt skulemiljø" side 4 og side 9, seier at skulen skal dokumentere kva som vert gjort for å ivareta aktivitetsplikta. Det kjem ikkje fram om dette gjeld dokumentasjon ved mistanke eller om det er dokumentasjon på kva som vert gjort i samband med å opprette ein aktivitetsplan.

Både leiinga og lærarane stadfestar at dei dokumenterer undersøkingar ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Vi bad skulen om å ettersende tre døme på dette. Vi kan likevel ikkje sjå at det kjem fram i desse ettersende døma korleis skulen undersøker ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Ettersom det enda ikkje eksisterer ein innarbeidd framgangsmåte for å dokumentere kva som vert gjort for å undersøke saker, og at det ikkje går fram av den innsendte dokumentasjonen korleis skulen undersøker saker, finn vi at skulen ikkje dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Vi finn at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig og at skulen heller ikkje dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saka snarast ?

Vår observasjon

I vedlegg 2 til *Rutinar i samband med opplæringslova kapittel 9 A "Elevane sitt skulemiljø"* har skulen eit eige varslings skjema, skjema for varsling av uønskt åtferd. Her står det at tilsette som får kunnskap eller mistanke om at elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal snarast undersøkje saka.

I eigenvurderinga svara alle ja på spørsmålet om dei undersøker saka snarast. Skuleleiar seier at dei helst gjer dette same dag. Lærarane viser til at handlingsplanen deira seier at alle tilsette ved skulen snarast skal gripe inn i hendinga og varsle rektor, slik at rektor kan følge opp saka. Rektor viser til tidlegare svar i RefLex, og den innsende handlingsplanen. Skulen har meldeskjema som er utarbeidd for å få rask melding til rektor.

Vi ser i malen til aktivitetsplanen at det skal stå når saka vart meldt. I innsende aktivitetsplanar ser vi i den eine at varsel ikkje er dokumentert med dato. Men at det blir vist til møter, observasjonar og samtalar med elev og føresette. I den andre planen vert månaden tidfesta, men ikkje dato.

Vår vurdering

Framgangsmåten til skulen skal sikre at dei undersøker saka snarast mogleg. Rektor må følgje opp at skulen gjer dette i praksis. I dei innsende aktivitetsplanane ser vi døme på at eleven er høyrte av rektor tidleg i november, men undersøkingane starta noko seinare i november, då skulen definerer at mobbesaka vart meldt.

Vi finn òg døme på at skulemiljøproblematikk var aktiv for ein elev frå sommaren 2019. Vi finn at skulen starta observasjon november 2019. Det går ikkje fram når saka vart varsla, men det står i saka at observasjonane vart sett i verk når hendingane toppa seg i november. Ut av dette kan vi slutte at dette har vore ein situasjon som har pågått over lengre tid.

I ettersendt dokumentasjon kjem det fram at skulen fekk informasjon den 1. november om at ein elev føler seg utanfor på skulen. Skulen startar sin observasjon 3. februar. Observasjonen hadde som føremål mellom anna å finne ut korleis eleven fungerer i skulekvardagen.

Vi finn at skulen sin handlingsplan ber tilsette gripe inn i hendingar og varsle rektor, slik at rektor kan følge opp saka. Vidare at det står i skulen sin dokumentasjon at skulen skal undersøke saka snarast mogleg. Dato for varsling skal skrivast ned i aktivitetsplanen. Dette er skulens framgangsmåte for å sikre at skulen undersøker saka snarast.

Dei innsende aktivitetsplanane viser at praksis ikkje samsvarar med malen for aktivitetsplanane, fordi det ikkje går fram kva som er tidspunktet for varsling til rektor. Vi finn vidare døme på at skulen ikkje har undersøkt saka snarast ved mistanke eller kjennskap til at elevane ikkje har det trygt og godt. Skulen har med andre ord ein framgangsmåte som skal sikre at skulen undersøker saka snarast, men vi finn at framgangsmåten ikkje blir følgt i praksis og at rektor ikkje har hatt følgt opp dette.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at aktuelle elevar får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?

Vår observasjon

På spørsmål om elevane alltid får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen, svarar alle ja. Skuleleiar skriv at eleven deltek på møtet mellom rektor, elev, føresette og kontaktlærer eller anna person på skulen som eleven har tillit til.

Lærarar viser til punktet "Korleis er elev høyrte?" i malen for aktivitetsplanen.

Rektor skriv at ho deltek på møte med elev og kontaktlærer, der dei lagar aktivitetsplan. Innhaldet i aktivitetsplanen vert stort sett laga ut frå eleven sine utsegner, skriv rektor. Føresette får tilbod om å vere med eller gje innspel ved at rektor har sendt aktivitetsplanen heim på førehand.

Vår vurdering

Rektor må syte for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei legg til rette for at eleven som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Dersom eit eller fleire tiltak direkte påverkar andre elevar, så har også desse elevane ein rett til å uttale seg om korleis tiltaket påverkar dei. Rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, legg til rette for at eleven får høve til å uttale seg i praksis.

Elevane skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld, og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen. Elevane skal få uttrykkje seg fritt om saka. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen og syte for at han er tilpassa elevens mognadsnivå. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få andre til å uttale seg på sine vegne.

Det kjem fram i skulen sine rutinar side 9 at elev og føresett skal vere med i arbeidet med tiltak i aktivitetsplanen. Fylkemannen vurderer det slik at det også går fram av den innsendte dokumentasjonen at elevane har vore med i utarbeidinga av dei aktuelle aktivitetsplanane.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt?

Vår observasjon

I skulen sitt rutinedokument står det at rektor og kontaktlærer er ansvarleg for å lage ein aktivitetsplan som beskriv tiltak, snarast mogleg.

På spørsmål om dei alltid sett inn tiltak der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar både rektor og lærarane ved Hyllestad skule ja. Skuleleiar skriv at tiltaka vert avtala i lag, i arbeidet med aktivitetsplanen. Rektor skriv at «Det er eleven si subjektive oppleving av situasjonen vi tek utgangspunkt i, så vi set alltid inn tiltak, sjølv om ein ikkje "finn" noko konkret etter observasjon».

På spørsmål om tiltaka alltid er tilpassa saka i type og omfang, og baserte på elevens heilskaplege behov og elevens beste svarar også alle ja. Rektor viser også her til at dei tek utgangspunkt i eleven si oppleving av situasjonen og så set dei alltid inn tiltak, sjølv om skulen ikkje har kome fram til noko konkret etter at dei har observert.

Skulen har sendt i tre aktivitetsplanar som syner kva tiltak skulen har sett inn. Rektor skriv i oversendingsbrevet at det eine av dei ikkje er ein aktivitetsplan, men ein avtale som vart gjort mellom eleven, foreldre, kontaktlærer og rektor. Denne avtalen er laga på malen etter aktivitetsplanen.

I prosedyre 2, som gjeld skuleleiinga si handtering av varsling om krenkjande ord m.v., står det at den tilsette varslar rektor om hendinga, rektor registrerer og drøftar med varslar, rektor informerer partane og dersom det vert avdekkja at eleven sin rett (§ 9A-2) skal skuleleiing syte for at saka vert fylgt opp og lage aktivitetsplan.

Vår vurdering

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at skulen set inn tiltak i alle saker, og følgje opp at dei som jobbar på skulen, bruker framgangsmåten i praksis. Framgangsmåten må sikre at skulen set inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, og baserte på eleven sitt heilskaplege behov og eleven sitt beste.

Rektor har laga ein framgangsmåte for korleis meldingar om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø skal handsamast. Kontaktlærer har ansvaret for å undersøke gjennom samtale og eventuelt ved observasjon, og lage aktivitetsplan i saman med rektor. Utover dette har ikkje rektor lagt bestemte føringar for korleis ei sak skal undersøkjast. Det kjem heller ikkje fram korleis skulen skal summere opp kva undersøkingane viser og eller kva undersøkingane skal føre til.

Det kan difor vere vanskeleg for kontaktlærer gjennom undersøkingane å få fram kva som ligg bak eleven si oppleving, og kva som er eventuelle oppretthaldande faktorar i eleven sitt miljø. Dersom bakgrunnen for eleven si oppleving ikkje kjem fram, vil det vere vanskeleg å setje inn målretta tiltak og evaluere effekten av tiltaka i etterkant.

I innsendt dokumentasjon ser vi døme på at skulen har sett inn tiltak som i realiteten er undersøkingar, som samtalar og observasjon. Vi ser òg døme på det et er gjort avtale med ein elev der eleven er pålagt bestemte åtferdsreglar over tid. Det går heller ikkje fram om eller korleis skulen har undersøkt eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Det er ikkje oppretta saker knytt til dei andre elevane som skulen skriv ikkje har det bra på skulevegen. Sjølv om ein elev gir uttrykk for at alt er bra, er det likevel korleis eleven faktisk har det, som avgjer om retten til eit trygt og godt skulemiljø er broten, og om de skal setje inn tiltak.

På bakgrunn av dette finn vi at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker.

Skulens framgangsmåte må vidare sikre at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, og baserte på elevens heilskaplege behov og elevens beste. Rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, bruker framgangsmåten i praksis.

Tiltaka skal veljast ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. De må vere kunnskapsbaserte og byggje på tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar. De må òg sjå på kva som er årsaka til problemet. Ofte vil det vere behov for fleire eigna tiltak i samanheng for at tiltaka i sum skal vere tilstrekkelege til å løyse problemet.

I begge dei innsende aktivitetsplanane ser vi at det er sett inn observasjon som tiltak. Dette kan tyde på at rektor ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at ein set inn eigna tiltak, fordi skulen framleis held fram med undersøking av saka etter at aktivitetsplanen er sett i gang. En gjennomgang av dei innsendte aktivitetsplanane viser i sum at:

- tiltaka er for lite konkrete, til dømes «skape aktuelle ein-til-ein situasjonar med aktuell vaksen»
- same tiltak blir sett inn i fleire saker
- elevar og føresette får ansvar for tiltak
- eit tiltak gjeld dersom elevane har lyst
- observasjon er eit tiltak
- faglærars klasseleiing er sett opp som tiltak
- å lage aktivitetsplan for andre elevar er eit tiltak for den eine eleven

Vi viser elles til at rektor skriv at dei uansett set inn tiltak, sjølv om skulen ikkje "finn" noko konkret etter observasjon. Dette tyder også på at sakene er ikkje grundig nok undersøkt.

Ettersom skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker, og at rektor ikkje sikrar at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, basert på elevens heilskaplege behov og eleven sitt beste, finn vi at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

2.4 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

2.4.1 Rettslege krav

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Skulen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, skulen si aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til fylkesmannen, jf. opplæringslova § 9 A-9 første ledd og forvaltningslova § 11. De må gi informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta hand om sine rettar etter lova.

Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsetje med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

2.4.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Lagar skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9A-4 sjetteste ledd når skulen set inn tiltak i ei sak ?

Vår observasjon

Både skuleleiing, lærarane og rektor svarer bekreftande på spørsmål om skulen lagar ein skriftleg aktivitetsplan som skildrar kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skulen har planlagt, når skulen skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka og når skulen skal evaluere tiltaka.

Skulen har sendt inn to døme på skriftlege aktivitetsplanar som fylgjer lik mal. Planane er daterte, og har med kva problem tiltaka skal løyse, korleis saka er undersøkt og eleven er høyrd i saka. I tillegg får eleven ein eigen plan for tiltak der det står kva som er tiltaket, kven som er ansvarlege, kor lenge tiltaka skal vare og tidspunkt tiltaka skal evaluerast. Skulen sendt inn ein tredje plan som også vert kalla aktivitetsplan i dokumentet, men rektor skriv i melding til Fylkesmannen at dokumentet vart oppretta for å gjere ein avtale med ein elev.

Vår vurdering

Ein føresetnad for å kunne utforme skildringar av kva problem eit tiltak er meint å løyse, er at skulen har gjennomført grundige undersøkingar som har hatt som føremål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevens oppleving og kva forhold i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven har det på skulen. Utan at undersøkingane har hatt dette som føremål, vil det vere vanskeleg å gje ei god skildring av kva problem tiltaket skal løyse.

Vi har sett at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker sakene tilstrekkeleg grundig. At undersøkingane ikkje er gode nok, gjenspeglast i skulens skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i aktivitetsplanen. Problemskildringane i planane er lite konkrete, og svarar ikkje på kva problem tiltaket skal løyse.

I dei innsende aktivitetsplanane finn vi at skildringa av problema i stor grad er hendingsbaserte.

Tiltaka skulen har sett inn er slik Fylkesmannen ser det for lite konkrete og difor vanskeleg å evaluere. Eit av tiltaka som står i begge aktivitetsplanane er at faglærarar skal vere tydlege. Det kjem ikkje fram kva på kva måte faglærarane skal bli tydegare. Det vert difor vanskeleg å vurdere og evaluere dette tiltaket slik det er formulert.

Ettersom skulen sine skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i fleire tilfelle er for generelle og for lite konkrete, og at tiltaka upresise eller vidare undersøkingar finn vi at skulen ikkje lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjetteste ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om det ?

Vår observasjon

Alle svarar ja på spørsmål om eleven og foreldra som saka gjeld, får aktivitetsplanen frå skulen, dersom dei ber om det. Rektor skriv at føresette får planen heim for utfylling før dei har møte mellom elev, rektor og kontaktlærer. Føresette får også tilbod om å vere med i møte. Innsende aktivitetsplanar viser og at planane vert sendt heim for utfylling.

Vår vurdering

Elev og foreldre som ber om det har rett til å sjå sin eigen aktivitetsplan.

Begge dei innsende døma på aktivitetsplanar viser at elevane og foreldra har sett aktivitetsplanane. Fylkesmannen finn at eleven og foreldra som saka gjeld, får aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om det.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

Vår observasjon

Alle svarar ja på at dei alltid gjennomfører tiltaka i aktivitetsplanen slik dei er skildra, både i innhald og tid. Skuleleiar seier at dei har hatt få aktivitetsplanar og det kan førekomme at det vert endringar undervegs. Dersom det vert endringar kjem det fram i evalueringa. Rektor svarar at så langt rektor har oversikt over gjer dei det. Dei har enno ikkje hatt evalueringsmøte på dei sakene dei har hatt.

Rektor skriv at dei dokumenterer på elevmappe der dei legg aktivitetsplanen. Dei evaluerer etter ein månad og legg eventuelt korriger plan 2 på mappa.

I skulen sin rutine side 9 står det at rektor skal evaluere tiltak på tidspunkt som er fastsett i aktivitetsplanen, og at skulen skal dokumentere skriftleg kva som vert gjort for å overhalde aktivitetsplikta, det vil seie arkivere på elevmappe.

Vår vurdering

Rektor må følgje opp at dei gjennomfører alle tiltaka i planen slik dei er beskrivne, både i innhald og tid. Det er likevel rom for at de gjer små praktiske endringar i gjennomføringa av tiltaka, dersom de gjer dette i forståing med eleven og foreldra. Skulen må og dokumentere at dei gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Skuleleiinga skriv at skulen dokumenterer at de gjennomfører tiltaka gjennom evalueringa av aktivitetsplanen. Planen skal arkiverast på eleven si mappe på skulen. Vi ser av innsendt dokumentasjon at skulen har sett opp dato for evaluering i aktivitetsplanane, men vi kan ikkje sjå at det her er dokumentert at dei har gjennomført tiltaka i tråd med aktivitetsplanen. Skulen skal

dokumentere kva dei faktisk har gjort i kvar sak. Ettersom dette ikkje går fram av skulens innsendte dokumentasjon, er ikkje krava i regelverket oppfylt.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn og korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer?

Vår observasjon

På spørsmål om dei alltid spør eleven om korleis tiltaka har verka, og kva for endringar eleven ønskjer, svarar alle ja. Lærarar svarar at dei ikkje har hatt saker som til no som har utløyst aktivitetsplanar for enkeltelevar, men er per i dag i gjennomføringsfasen av ein aktivitetsplan. I evalueringa av denne er det sjølvsagt at eleven sine innspel skal takast med. Dei viser til mal for aktivitetsplan og handlingsplan. Rektor svarar at dei har evalueringsmøte etter ein månad, og at eleven si subjektive mening er det som tel.

På spørsmål om skulen alltid innhentar nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka, svarar alle ja. Skuleleiar svara at de gjer dette i evalueringsmøte mellom partane. Lærarane svara at dei ikkje har hatt saker som til no som har utløyst aktivitetsplanar for enkeltelevar, men er per i dag i gjennomføringsfasen av ein aktivitetsplan. Dei kan ikkje vise til dokumentasjon på innhenting av slike opplysningar, men ser det som sjølvsagt at relevante opplysningar blir henta inn, skriv dei.

Rektor skriv at dei spør kontaktlærer, faglærarar og elev om korleis tiltaka har virka og eventuelt set opp nye mål/tiltak. Det vert vist til rutineane i skulen sin handlingsplan «Vi har dette på vår handlingsplan, men har ikkje gjennomført møte om korleis tiltaka har virka endå. Svaret er ut frå kva vi gjer ut frå handlingsplanen vår».

I skulen sin innsende plan "Rutiner i samband med opplæringslova kapittel 9 A "Elevane sitt skulemiljø" står det på side 9, «Ved gjentakning av mobbinga skal det evaluerast på nytt og lagast ny aktivitetsplan i samarbeid med elev og føresett.»

Vår vurdering

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at dei spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva for endringar eleven ynskjer. Rektor må følgje opp at de alltid spør eleven om dette. Eleven skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen. De skal leggje til rette for og ufarleggjere samtalen og sørgje for at han er tilpassa elevens mognadsnivå.

I skulen sin handlingsplan kjem det fram at skulen skal gjennomføre ei ny evaluering og lage ein ny aktivitetsplan ved gjentakning av mobbinga. Sjølv om skulen ikkje har gjennomført ei slik evaluering på tilsynstidspunktet er det ei fells forståing blant leiinga og dei tilsette at eleven skal delta i evalueringa av tiltaka. Vi finn det sannsynleggjort at skulen har ein framgangsmåte som

sikrar at dei høyrer eleven ved evaluering av tiltaka. Vi vil likevel understreke at elevens har rett til eit trygt og godt skulemiljø, ikkje berre eit vern mot mobbing.

Skulens framgangsmåte må sikre at de innhentar nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka. Rektor må følgje opp at skulen innhentar informasjon i tråd med framgangsmåten. De må òg vurdere om det er andre personar enn eleven som kan gi informasjon om korleis tiltaka har verka, og innhente informasjon frå desse personane.

Vi viser her til spørsmål ovanfor, der det går fram at undersøkingane ikkje er fagleg forankra og for grunne. Skulen nyttar samtalar med kontaktlærer, faglærarar og elev for å undersøke om tiltaka har verka. De må vurdere om det er andre og breiare undersøkingsmetodar som kan gi informasjon om korleis tiltaka har verka, og innhente informasjon frå desse. Det kjem ikkje fram at skulen innhentar anna form for kunnskapsgrunnlag for å vurdere om tiltaka var føremålstenlege.

Eleven har inga plikt til å uttale seg, men skal få moglegheita. Eleven skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld, og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen.

Rektor skriv i eigenvurderinga at det er eleven si subjektive oppleving som tel. Det er ikkje nødvendig at eleven har spesielle ønskje når det gjeld kva for nye tiltak skulen skal setje inn. Eleven kan likevel ha synspunkt på korleis de skal gjennomføre tiltaka, kven som skal ha ansvaret for tiltaka, og liknande. Det er ikkje alltid eleven sjølv klarer eller ønskjer å gi eit fullstendig bilete av korleis han eller ho faktisk har det på skulen, og korleis tiltaka har verka. Døme på dette kan vere at foreldre eller tilsette opplever at eleven ikkje har det bra, trass i at eleven sjølv seier at han eller ho har det bra på skulen.

Evaluering og tiltak skal settast i verk til eleven opplever at miljøet er trygt og godt. Vi har tidlegare vist til at skulen snakkar med eleven og føresette ved utforming av tiltak. Skulen har ikkje gjennomført evaluering av aktivitetsplanar når vi fører tilsyn, men på bakgrunn av innsendt rutine og svar i eigenvurderinga finn Fylkesmannen at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei spør eleven om korleis tiltaka har verka, og kva for endringar eleven ønskjer.

Ettersom skulen ikkje har ei fastsett framgangsmåte for korleis dei skal innhente tilstrekkeleg informasjon, har ikkje rektor sikra at det alltid vert innhenta nødvendig informasjon ved evaluering.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Syter rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og elevens syn?

Vår observasjon

På spørsmål om skulen alltid tilpassar tiltaka svarar alle ja. Lærarar svarar at dersom tiltak i aktivitetsplanen ikkje har ønska effekt må tiltaka sjølvstilt tilpassast. Rektor svarar at dei ikkje

vore gjennom dette endå, og skal ha eit evalueringssmøte framover og at tiltaka skal tilpassast om det trengst. I skulen sitt rutinedokument, vedlegg nr. 2 handlingsplan, står det at ved mistanke av gjentakning av mobbing, skal det på nytt evaluerast og lagast ny aktivitetsplan.

Vår vurdering

Rektor må syte for at skulen evaluerer og tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og elevens syn. Det vil seie at skulen må innhente informasjon og vurdere korleis tiltaka har virka. Dersom det kjem fram i evalueringa at eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø, må tiltaka endrast eller erstattast med meir eigna tiltak. Evalueringa kan også føre til at skulen forlengjer tiltak som verkar.

Det står i skulen sitt rutinedokument at skulen skal setje inn nye tiltak til eleven har det trygt og godt. Slik vi vurderer det vil det vere vanskeleg å tilpasse tiltaka ut frå informasjonen som skulen hentar inn. I dokumentasjonen skulen har sendt inn, er det sett inn tiltak overfor ein elev. Det kjem ikkje fram at skulen har vurdert om eleven har det trygt og god på skulen og om tiltaka er eigna.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt

Kontrollspørsmål: Informerer skulen elevar og foreldre om at de kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?

Vår observasjon

I eigenvurderinga svarar alle ja på dette spørsmålet. Skuleeigar og lærarar seier at informasjon om at foreldre og elevar kan melde saka til Fylkesmannen er inkludert i skulen sin mal for aktivitetsplan. Rektor viser til at det står nedst på aktivitetsplanen at føresette kan ta kontakt med Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta deira.

Vår vurdering

Vi finn at det står i aktivitetsplanane som er sendt inn, at saka kan meldast til Fylkesmannen i Vestland dersom elevar/føresette ikkje er fornøygde med arbeidet skulen gjer for at elevane skal få det trygt og godt på skulen. Skulen har også eit informasjonsskriv på heimesida der dei informerer elevar og føresette om at de kan melde saka sin til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta si.

Vi finn det sannsynleggjort at skulen informerer om at elevar og foreldre kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

4 Våre reaksjonar

4.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Plikta til å undersøke og setje inn tiltak eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

1. Kommunen må syte for at skulen oppfyller plikta til å undersøke og setje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Kommunen må i samband med dette sjå til at :

- a. Rektor sikrar at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
- b. Rektor sikrar at skulen undersøker saka snarast.
- c. Rektor sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.

2. Kommunen må syte for at skulen oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11.

Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9A-4 sjette ledd når skulen set inn tiltak i ei sak.
- b. Rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- c. Rektor sikrar at skulen hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn og korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer
- d. Rektor syter for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og elevens syn.

4.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 15. august 2020. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 12. mai 2020

Lill Mona Solberg
tilsynsleiar

Aase Bruntveit Njøs
rådgjevar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skolemiljø

Innsendte dokument frå Hyllestad skule

- Eigenvurdering frå rektor gjennom RefLex, tema *Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø* - «Spørsmål for skuleleiinga» Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, spørsmål 1.18-1.28 og 3.1 – 3.9.
- Eigenvurdering frå skuleleiar gjennom RefLex, tema *Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø* - «Spørsmål for skuleleiinga» Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, spørsmål 1.18-1.28 og 3.1 – 3.9.
- Eigenvurdering frå lærarar gjennom RefLex, tema *Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø* «Spørsmål for lærarar» Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, spørsmål 1.18-1.28 og 3.1 – 3.9.
- 2 innsende døme på aktivitetsplanar.
- Anna dokumentasjon sendt inn i RefLex.
- Ettersending som skal vise døme på korleis skulen har undersøkt saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Innsendt dokumentasjon frå Hyllestad skule – etter førebels tilsynsrapport

- Generell tilbakemelding på førebels tilsynsrapport
- Notat frå samtale med elev
- Fårværingsrutinar ved Hyllestad skule
- Notatark til elevsamtale/utviklingssamtale
- Oversyn – interne støttesystem ved Hyllestad skule